

2 har søkt på prestestillinga

14.01.2014



**2 har søkt på prestestillinga medan det sist var 1 søker og han trakk seg.**

**Det kunne leiar i soknerådet Møyfrid Kristoffersen opplysa under soknerådsmøtet i kyrkja ikveld. Dermed er det grunn til å sjå meir optimistisk på sjansane til å få ein erstattar for Kristian Due snart. Søknadsfristen går først ut om nokre dagar.**

Sundag skal det haldast soknemøte og soknet skal mellom anna ta standpunkt til forslaget om innføring av den nye salmeboka. Soknerådet har innstilt på at det skal skje og hvis det skjer vil kyrkja sitt namn verta trykt utanpå.

Det var attval av leiar og nestleiar av soknerådet for 2014 - og det er Møyfrid Kristoffersen og Ingunn Olsen som har dei 2 verva.

Over er det sittande soknerådet, der Kristoffersen og Olsen står foran saman med Gunnbjørg Steinsletten Eik. Bak frå venstre Hans Reidar Kjærland, Ove Magne Myhre, Reidar Myklebust, Tormod Myklebust og sokneprest Kristian Due, som altså førebels ikkje har fått nokon etterfylgjar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen